



SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval	
Hovudutval for Oppvekst og Levekår	07.04.2014	010/14	
Saksbeh:	Saka blir avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Else Oppedal	Hovudutval for Oppvekst og Levekår	N-600	14/53

Endringar i alkohollova – opningsdagar for sal og alkoholhaldig drikk mv.

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
5	I	27.01.2014	Det kgl helse- og omsorgsdepartement	Høyring om endringar i alkohollova – opningsdagar for sal av alkoholhaldig drikk.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Høyringsnotat av 27.01.14 "Forslag om endring av lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholloven) – åpningsdagar for salg av alkoholholdig drikk mv."
- Alkoholpolitisk handlingsplan Jondal kommune 2012– 2016
- Delegasjonsreglement Jondal kommune

Saksopplysningar:

Helse – og sosialdepartementet har oversendt høyringsnotat av den 27.01.2014 om endringar i alkohollova – opningsdagar for sal av alkoholhaldig drikk mv. Høyringsfristen er sett til den 28.04.2014.

Høyringsnotatet inneheld framlegg om:

- å opna for at AS Vinmonopolet kan halda butikkane sine opne jul-, nyårs-, påske- og pinseaftan.
- å opna for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkane på valdagar og dagar for folkerøysting.
- å vurdere om det bør gjerast endringar i regelverket for når det kan skje utlevering av alkoholhaldig drikk tinga via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet. I dag må utlevering av varer tinga på nett eller telefon skje i opningstida til AS Vinmonopolet. Høyringsinstansane er bedne om å vurdere meininga vedkomande

dette punkt, eller om utlevering av varene (post/post i butikk) bør stillas fritt til å foreta utlevering heile døgeret eller om det bør setjast andre tidsavgrensingar.

Vurdering:

Alkohollova § 1-1 skildrar lova sitt føremål. Regulering av innførsel og omsetnad av alkoholhaldig drikk har som mål å avgrensa i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføra. Som eit ledd i dette siktar lova på å avgrensa bruken av alkoholhaldige drikkevarer. All statistikk tilseier at auka tilgong gjev auka forbruk.

Varer som i dag vert tinga via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet, må i samsvar med dagens regelverk utleverast innanfor opningstidene for Vinmonopolet sine utsalsstader, jfr. alkohollova sin §3-4.

Hovudparagrafen i alkohollova er uomtvisteleg. Samstundes lever vi i eit samfunn med store endringar og omstillingar. I tillegg er det ikkje er avgrensingar i lova når det gjeld skjenking av alkohol på nemnde dagar. Rådmannen vil etter ei totalvurdering tilrå følgjande:

- Jondal kommune går mot den delen av forslaget som går ut på at AS Vinmonopolet kan halda sine butikkar opne jul-, nyårs-, påske - og pinseaftan.
- Jondal kommune støttar framlegget om å opna for sal frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkerøysting.
- Jondal kommune vil tilrå å samordna utleveringa av alkoholhaldig drikk med det regelverk som lokalt regulerer salstidene for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent alkohol), jfr. alkohollova §3-7. Ved ei slik samordning vil det i Jondal bli tilgang til å hente ut slike varer fram til kl. 20.00 på kvardagar og til kl. 18.00 på laurdagar og dagar før heilagdagar.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

1. *Jondal kommune går mot forslaget om å opne for at AS Vinmonopolet kan halda sine butikkar opne jul-, nyårs-, påske - og pinseaftan.*
2. *Jondal kommune går inn for at det vert opna for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkerøysting.*
3. *Jondal kommune tilrå ei samordning av §§3-4 og 3-7 i alkohollova. Dvs. at utlevering av varer som vert tinga via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet vert samordna med det regelverk som regulerer salstider for sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent alkohol).*

Siv Helle Prestegard - rådmann

07.04.2014 Hovudutval for Oppvekst og Levekår

Framlegg frå Svein Johan Bakke, Krf:

Framlegg i staden for pkt 2 og 3.

Jondal kommune tilrår at sal av alkoholhaldig vert som noverande ordning og utlevering av varer vert som noverande ordning.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 3 røyster, framlegget frå Svein Johan Bakke fekk 2 røyster (1 Krf, 1 Sp) og fall.

HOL-010/14 VEDTAK:

- 1. Jondal kommune går mot forslaget om å opne for at AS Vinmonopolet kan halda sine butikkar opne jul-, nyårs-, påske - og pinseaftan.*
- 2. Jondal kommune går inn for at det vert opna for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkerøysting.*
- 3. Jondal kommune tilrår ei samordning av §§3-4 og 3-7 i alkohollova. Dvs. at utlevering av varer som vert tinga via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet vert samordna med det regelverk som regulerer salstider for sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent alkohol).*